

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2007

- **Varhaug Bygdekvinne-
lag har års-
møte torsdag
27. sept.**
- **Varhaug Bondelag har
årsmøte tys-
dag 3. okt.**
- **Motevisning
torsdag 25 okt.**
- **NLM Kvinne-
fening 100-
års jubileum**



Det haustar!

Varhaugmarken



Første helga i juni var det igjen tid for marken. Bygdekvinnelaget var som vanleg til stades i teltet med både kinning og baking av flatbrød. Takk til Olaug Varhaug for kinninga, og ikkje minst takk til Grethe Skretting som hadde ansvaret for bakinga.

Ein stor takk òg til dei andre som velvillig stiller opp år etter år.



NORGESHUS
Varhaug

BYGGMESTER
Jon Harald
Håland a.s

Opstadveien 653, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 07 70 - Mobil 911 811 67

HRD


HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E- mail: runeo@hrd.no

V ÅTROMSGODKJENT

Jæren Flis & Skifer as

Erik Jessen
Meierivegen 4G, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 55 78 Fax. 51 43 71 23
Mobil 905 11 987 E-post:
ej@hesbynett.no

FLISER • SKIFER • MR • BSS



Minneord om Sverre Varhaug

Det var med sorg me tok imot meldinga om at Sverre Varhaug var død 79 år gammal, sjølv om me kjende til at sjukdommen tok meir og meir tak i kroppen hans. Det vart slutt 12. august, same dagen som han var oppsett som vakt på Grødalandstunet.

Vakt på Grødaland - her er me ved det som særmerkte Sverre: Han var så oppteken med å «ta vare på», hegna om saker og ting. Det var grunnen til hans engasjement i Hå Historie- og Ættesogelag og Hå Bygdemuseum. Sverre var med frå starten av i 1999 av «Jæren Kystlag. Forening for bevaring av gamle båtar og kystmiljø.» Også Jærmuseet har nytta godt av Sverre sin innsikt og kunnskap om gamle ting som var verte å ta vare på.

Gjennom å ta vare på og restaurere skulen på Lerbrekk har Sverre reist seg eit minnesmerke. Han hadde pågangsmot, og han hadde evna til å oppmuntra og få folk med seg. For det å ta vare på krev også innsats, ingenting gjer seg sjølv. Her var Sverre ein einar. Han var så interessant å vera i lag med. Han kunne så mykje.

Då det var på tale å riva skulen på Lerbrekk, sa Sverre at det gjekk ikkje an. «Tenk deg - liggja på sjøen, og skulen he vore sjømerke i lange tide - og så ska han plutsale vekk. De verte som å sjå inn i munnen på ein tannlause mann.» Han hadde brukt skulen som méd når han var på sjøen.

Dei gode historiene kom ofte på rekkje og rad i hans lag, og latteren kunne synja i veggene. Sverre var ein god fortel

jar, og slagferdig var han au med sannen for godsleg og lun humor. I Sverre sitt lag kunne tida gå fort. Det var aldri vanskeleg å finna samtaleemne.

Han var så lett å vera i hop med, fantastisk positiv. Alt det Sverre tok på seg av oppgåver, gjorde han alltid samvitsfullt og skikkeleg. Det var ingen ting som heitte: Det er alltid godt nok. Det står så mange oppgåver att som han kunne vore med på og løyst.

Han og Olaug tok over garden på Husveg etter far hans. Heile tida dreiv han garden med husdyrhald, og han hadde mellom dei høgstytande kyrne i landet. Fjordingen var han glad i og stelte vel med.

Sverre var tilsett i flyvåpenet som fartyfører for vaktskipet «Lofjell», og han gjekk av med pensjon som løytnant etter tretti år trufast teneste.

Me er mange i Jæren Kystlag, Hå Historie- og Ættesogelag, Hå Bygdemuseum/Jærmuseet og Venelaget Lerbrekk Skule som kjenner ei indre glede og stor takk for at me lærde Sverre Varhaug å kjenna, sjølv om saknet etter han er stort. Sjølv sagt er tomrommet størst for Olaug og den næraste familie.

Olav O. Obrestad - Kystlaget, Sigbjørn Varhaug - Venelaget Lerbrekk Skule. Hans Torgny Indrebo - Hå Historie- og Ættesogelag, Ingeborg Nærland Skjærpe og Aud Karin Kvalbein - Hå Bygdemuseum/Jærmuseet.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bridgeklubb, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset Sekretær

Ingunn Helen Reiestad, bondelaget Kasserar

Jone Bryne, 4H

Styremedlem

Sigbjørn Varhaug, Vennelaget Lerbrekk skule

Varamedlem

Sverre Ånestad, fråhaldslaget Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - (1906-1978).

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymlekednad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*





100 års jubileum

Den eldre kvinneforening for Norsk Luthersk Misjons-samband i Varhaug er 100 år i år, 2007.



I år 1906 gjekk det ei sterk vekkjing i Varhaug ved ein ung forkynnar; Johannes Daasvand. Desse 3 konene, som vi ser bilete av her, fekk slik naud for at kinesarane også måtte få høyra om Jesus. Dei starta då ei forening for Kinamisjonen, som det heitte då, år 1907.

Namna på dei er:

Rakel Hobberstad, øverst

Rebekka Lerbrekk i midten

Taletta Tenold, nederst (fødd Skrettingland)



Rakel Varhaug vart også tidleg med. Det er referert i ei tidleg møtebok: Når alle møtte var vi 4. Seinare begynte systrene Maria og Aksliane Ueland, klopsteinjentene. Då var dei 6 medlemmer. Dett auka på med medlemmer. I referatet frå 50 års jubileet står det at i 1930 var dei 30 i foreninga. På slutten av 1900 tallet kunne vi vera 12 – 15 personar på foreningsmøta. Dei seinare åra har mange fått heimlov. No er vi 9 medlemmer i foreninga, 2 nye har begynt.

Randi Håland, dotter til Rebekka Lerbrekk, var med i foreninga i mest 80 år. Ho fortalde at mora og dei andre kvinnene ofte gjekk i foreninga dei fyrste åra. Andre gonger "sela" faren hesten og køyrde dei. Då fekk mennene vera med på foreninga.

Heilt frå starten hadde dei basar. Under 2. verdenskrig var det vanskeleg å få kjøpt garn. Då samla dei inn ull og sykla til Oltedal og bytta ulla i garn. Basardagane har vore fredag og laurdag. Gjennom dei 100 åra som har gått, har mykje pengar vorte samla

inn til misjonen. 4 kvinnelege misjonærer har reist ut frå Varhaug. Anna Haaland Sama var misjonær i Kina. Serina Holmen, som var med i foreninga frå dei fyrste åra og så lenge ho levde, unnateke nokre år ho var i Stavanger, hadde heile tida god kontakt med Anna Sama. Dette norde misjonselden i foreninga. Då Berta Ånestad reiste til Ethiopia, vart det skapt ny glød for misjonen. Berta Ånestad gjesta alltid foreninga når ho var heime på ferie.

Seinare var Elfrid Skretting Vinskei misjonær i Kenya. Grete Husvegg Honnemyr har saman med familien vore misjonærer i Ethiopia i 2 periodar. Dei har no busett seg på Varhaug. Misjonærer frå bygda gjev ein eit nærmare forhold til misjonen.

100 års jubileet til foreninga vert feira 29. Oktober 2007 på Varhaug Misjonshus. Vi har sendt brev til alle kvinneforeningane i Varhaug, 21 brev, og bode dei inn til festen.

Misjonsforeninga er ein god stad og møtast, måndag kvar fjortande dag. Der møter ein Gud gjennom song, bibel og bøn. Det vert også eit fint, sosialt samver. Det er ei stor velsigning å få vera med ei misjonsforening. Det er fint at nye har kome til i foreninga når andre har gått bort. Vi ynskjer og ber om at foreninga må vera liv laga i framtida også, til velsigning for den enkelte, bygda og misjonen.

Sigbjørg Hetland, formann i den eldre kvinneforening for NLM Varhaug, 2007





Litt om Sigbjørn Varhaug

Det er mange som har sagt at dei ikkje kjenner dei som sit i styret for Varhaugbuen. Dette har eg nå tenkt å gjera noko med, og starter med Sigbjørn sidan eg gløymde han i sist nummer. Sigbjørn kom inn i styret frå Vennelaget på Lerbrekk i staden for Jo i bridgeklubben. Eg klarde å ta vekk Jo, men gløymde å føra til Sigbjørn, noko er vart veldig lei for då det gjekk opp for meg. Vel, her kjem i alle fall litt om Sigbjørn, så får me ta dei andre etterkvart.

Som vanleg på denne årstida, måtte eg på Varhaug mølle for å finna han. Her har han vore i 22 år i tillegg til å vera bonde. Han arbeide og på "Ludå" i 5 år. Men det er bonde eg er, seier Sigbjørn, det andre er berre noko på sida.

Sigbjørn er 64 år, gift med Astrid, har 6 barn - 4 jenter og 2 gutter og 16 barnebarn. 3 av barna bur her, dei 3 andre i Bodø, Trøndelag og Oslo. Sigbjørn er fødd og oppvaksen på Komlavodl, og der har han vore bonde sidan 1980. Han møtte Astrid då han gjekk på bibelskulen, og dei dreiv seinare gard på Lista i 5 år. Frå 1968-79 budde dei på Husveg som forpaktar til han flytta inn i nytt hus på heimegarden i 79.

Sigbjørn har alltid engasjert seg i det som skjer i nærmiljøet, m.a. i Vestlandske Indremisjon der han har vore med heilt frå ungdomen. Her har han 23 år i styret og 13 av desse som leiar. Vidare har han vore 28 år i søndagsskulen på Lerbrekk og frå 1995 leiar for Vennelaget for Lerbrekk skule.

Grunnen til alt dette frivillige arbeidet er at han ynskjer å arbeida for eit varmare samfunn, og alt han har vore med i har gitt han mykje glede. Men, seier Sigbjørn, alt dette kunne eg ikkje gjort utan at eg hadde fått hjelp og støtte av familien, og det er det viktig å få med her.

Eg kjenner nok best til Sigbjørn frå arbeidet rundt Lerbrekk skule, men har i grunnen kjent han heile tida eg sjølv var bonde og me møttest på bondelagsmøta. Arbeidet han og resten av gjengen rundt den gamle skulen har gjort opp gjennom åra er det berre å ta hatten av for. Sigbjørn er ein roleg og stillfaren mann, som er veldig triveleg å vera i lag med. Han har som oftast ei god historie å koma med som kallar fram låtten. Og som kjent skal ein god latter forlenga livet.. Sigbjørn er ikkje akkurat ein som stikk seg fram, sjølv om han er og har vore leiar både her og der. Eg set veldig pris på han og måten han er på, og ser fram til samarbeidet i Varhaugbuen.

Eg hadde i tenkt å drøsa litt meir med han, men først kom Reinåsen inn på kontoret og Sigbjørn måtta justera noko på dataen til mølla. Deretter kom ein annan mann innom med eit kvart, så Sigbjørn måtte berre gå. Turka gjekk for fullt. Det var kome inn noko korn dagen før, og det var ikkje nett av det turraste. Og ein tilhengar stod klar til å levera nytt, så eg måtte berre seia takk for drøset og koma meg ut.

Liv

Frå redaksjonen



Det er haust, og det kjennest både på kropp og sinn. Føresommaren var ganske fin, men då det ikkje vart mykje sol og varme i juli, sa eg: "Berre vent til august, då får me sommar". Vel august

kom og gjekk, men sommar fekk me ikkje. Når ikkje august slo til i år, sa eg: "Me får nok sommar i september med badever og det heile...Vel så langt i månaden ser det ikkje rart ut med sommar nå heller.

Men nå er det slik at det er ikkje så mykje anna me kan gjera med veret enn å syta og klaga over det. Mange liker heller ikkje for mykje varme, og så vert det syting der og. Men, men slik at nå berre me menneske. Og så lenge det er eitkvart å seia om veret, slepp folk heller ikkje opp for samtaleemne.

Eg personleg har ikkje så mykje å klaga over. Eg har hatt 2 fine utanlandsturar i Ungarn og Skotland med brukbart ver begge stader. I Ungarn hadde me jamnt over 30 grader, så det var stropptopp kvar dag. I Skotland hadde me meir heimetemperatur, og det passa i grunnen godt då me "bussa" ein god del.

Elles så har eg litt av kvart å stella med som ikkje treng finver. Er nett ferdig med basaren til bygdekvinnelaget, og så er det å få ferdig Varhaugbuen før eg skal på dagstur med hatteklubben. Varhaugbuen har forresten fått ein ny utanbygds abonnent, så nå går bladet både austover og lengst nord. Hyggeleg å få god respons på det me balar med.

Fylkesleiren 2007

4 

– Eriksmoen, Suldal



Fredag etter siste skuledag, gikk 9 av dei i alt 11 deltakarane frå Svala på tog- get til Stavanger (2 kom med bil). Fel- lesreisa frå Stavanger førte oss med Båt til Sand, og buss vidare til Suldal. Vêr- gudane gav oss ein varm (eller blaut) velkomst. Alle vart dermed motiverte til å få opp telta i ein fart. Tunet vårt, Bjednekniven, delte me med kjekke 4harar frå Vigre.

Ved opninga av leiren kl 20.00, samla alle seg ved scenen. Ordførar og brann- sjef i Sand hadde velkomst og ein liten orientering. Trivselsagentane markerte opninga med ein sketsj om kva 4H er. Om kvelden var det miljøtorg med spel og sosialt samvær.

Laurdag klokka 07.00 var det opp å stå. Fram til i år, har laurdagen vore kurs dag, men i år skulle det prøvast noko nytt. På programmet stod Ac- tiondagen, som bestod av lagarbeid. Dei forskjellige tuna konkurrerte mot kvarandre. Bjednekniven sitt fyrste oppdrag var å dytte ein rundballe gen-

nom ei løype, deretter skulle me spela volleyball, bera vatn i ei hotele bøtte og øydelagde poser. I tillegg gikk me alle på lange ski, bygde telt i blinde, og ut- førte ein stafett der personen som var i hinderløypa hadde bind for augo og vart leia av lagkameratane sine rop (det var ikkje lov å seie høgre/venstre osv, dette måtte erstattast med dyrelydar). Laganda og konkurranseinstinktet var på topp, og det vart lått å løye.

Om kvelden var det rocke konsert med eit band frå Sand, St. Hans bål og grilling. Dei seine timar var hel- ler regnfulle, så det var ikkje så alt for mange rundt bålet. Heldigvis kunne dei som ikkje ville verta blaute gå inn på miljøtorget. Her var det rigga opp til Sing-star og dansematte.

Søndag var det KUL-tur dag, men aller fyrst ord for dagen. Ingbjørn og Ruth Alice frå Svala slo til med nokre ord frå Arne Garborg. Dei må ha gjort det godt, for me fekk sol og blå himmel. Puljevis reiste me inn med båt til Van-




vik og gjekk ein liten tur opp til ei Rosebu, der forfattaren Rasmus Løland budde og skreiv sine verk. I Vanvik feirar dei i desse dagar forfattarskapet hans, og derfor bestemte leirkomiteen seg for at me skulle støtta opp under jubileet og ta turen inn dit. På turen var det lagt opp til tevling på veg opp, og mens me venta på båten heim, var det moglegheit for bading.

Tilbake til leirplassen hadde trivselsagentane drege i gang body bowling og kubbspel. Body bowlinga vart eit populært innslag for både unge og vaksne. På kvelden hadde dei forskjellige tuna ansvar for eit underholdningsinnslag kvar. Vårt tun stilte med ein sprek og humorfylt songar frå Vigre 4H som vel fekk alle til å le! Utover kveld og natt vart det sendt nattkino på lerret i skogen.

Til leir å vera fekk me sova lenge siste dagen (mandagen), sidan det var ei stund før bussane kom. Men dei spreke 4harane drog seg ikkje lenge. Årets

kongetun vart kåra og leirbilete snurra på storskjerm, medan me pakka ned leiren. Med sommarklede, nye venner og gode minner på lasset, sa me farvel til Eriksmoen og fylkesleiren 2007. Nå ser vi fram til ein ny fylkesleir i 2008, som skal arrangeras av klubbane i Hå.





Siste nytt frå Varhaug BygdeUngdomslag



Bildetekst

Øverst:
Landsstevne 07, Vestfossen i Buskerud

Nederst:
Swingkurs for nybegynnarar

BU styret:

Leiar	Olav Varhaug
Nestleiar	Odd Arne Haugstad
Kasserar	Gunn Årdal
Sekretær	Håvard Håland
Styrem.	Tore Hadland
	Peter Varhaug
	Egil Hobberstad
Tevlingsleiar	Leif Varhaug
Festleiar	Christoffer Torland Hein
Dugnadsl.	Marius Sveen Lode

Det siste året har me hatt mykje og gjera. Me har fått "onnagjort" siste rest på uteanlegget til Internatet. Det gjekk med mange dugnads-timar på felling av trær, utgraving av banen, leggja opp jordvoll og siste finish på banen etter sanden kom på plass. Så vil takka alle medlemmane i Varhaug BU så he våre med på alt. Vil og takka Ingve Skretting og Abraham Varhaug for lån av traktor og anna utstyr. Varhaug Park & Hage har også hjulpet litt til med, der me har fått lånt noko utstyr og leigt til en overkommelig pris. Så nå har Internatet eit kjempe uteanlegg med grillhjørna, krokettbane og ein kjempegoe sandvolleyballbane.

I Juni reiste en liten gjeng opp t Tegle i Time på fylkesstevnet. Med tevlingar på dagtid og konsert med Silo & Saft

på lørdagskvelden så regne eg med at de fleste hadde det kjempekjekt.

Mot slutten av Juli kom høgdepunktet for året. Då var det klart for Landsstevnet, i Vestfossen i Buskerud. Varhaug BU reiste opp med 17 mann. Det var tevlingar kvar dag og konsertar på kveldane, der høgdepunktet for dei fleste sikkert var Vassendgutane. Utanom dette hadde me mykje sosial moro og dei fleste traff mange nye folk dei vart kjende med.

Lørdag 18. august arrangerte me volleyball turnering på den nye banen der Orre, Nærbø, Gjesdal og Varhaug BU stilte opp med kvart sitt lag(Varhaug hadde 2 lag). Det vart ein kjempefine dag der me, me og var heldige med været og hadde strålande og lignende mesteparten av dagen. I Finalen stod Varhaug 1 og Varhaug 2 på kvar si side av nettet og Varhaug Bu fekk vandrepokalen opp på hyllå.

På kvelden hadde me LS-nachspiel der me traff igjen folk så hadde vore på landsstevnet.

Mandag 27.og tirsdag 28. August arrangerte me swingkurs for nybegynnerar på Varhaug Barneskule og Samfunshuset på Nærbø. Me var 9 par som fekk "swingt okke litt" og eg håper dei vert med også på kurset for vidarekomne mot slutten av året.

Årsmøtet er nettopp gjennomført og nytt styre valgt.

Det har vore eit godt år med mange nye medlemma og håper adle medlemmane har hatt eit like kjekt år som meg sjølv.

**Olav Varhaug –
Leiar Varhaug Bygdeungdomslag**

SJAKK på Varhaug




No er det snart oppstart i skulesjakk. Tysdag 2. oktober startar me opp att i bomberommet på Varhaug skule. Vi startar klokka 1715 (kvart over fem) og sluttar klokka 1900 (sju).

No vert det mest sannsynleg annankvar tysdag. Plakat vert sett opp, og gutar og jenter frå 2. klasse kan koma.

Ein planlegg og i regi av Rogaland skulesjakkutval at nokre skular i Hå kan stille med lag som speler mot andre skular i Hå eller nabokommunar i skuletida. Kanskje Varhaug skule og Vigrestad skule kan stille lag,- etter nokre år med skulesjakk på kveldstid har me ein god del skuleelevar som speler bra sjakk.

Me vil starte op skulesjakk på Vigrestad om torsdagar frå 5 oktober. Og her vil det vere frå 1730 til 1900. Og for vaksne etter klokka 1900.

Jæren sjakkklubb på Bryne (tredje etasje i M44) vil starte opp torsdager kl 1900 - 2130. Her er det plass til sjakkspelarar i alle aldre og kjønn. Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Lerbrekk skule

Vennelaget for skulen hadde grillkveld den 25. juli, og kl. 1900 var det over 80 stk som var samla ute på den gamle skuleplassen.

Hå trekkspelklubb var som vanleg med oss. Dei spela til allsangen og dei underheldt med flott musikk.

På grillen var det svinekoteletter og pølser, og tilbehøret var nye poteter og salat. Etterpå var det kaffi og langpannekaker.


Nytt i år var gjettekonkurranse. Kven som vann var nok uvist, men alle fekk sjokolade etterpå.

Me song "Kveld på Jæren" før formannen takka for frammøtet. Og til tonar frå trekkspelklubben, rusla alle heim kvar til sitt. Nokon var kanskje litt kalde, men alle var enige om at dtte hadde og vore ein gild kveld på Lerbrekk. Aud BB.



Varhaug bygde- kvinnelag har årsmøte torsdag 27. september

Møtet er på Eldresenteret og tek til kl. 19.30. Utanom dei vanlege årsmøtesakene, vil Bjørg Sandve fortelja og syna bilete frå 4H turen ho hadde til Gambia. Litt og bita i vert det og. Alle velkomne.



FRE`S = Fredagssamling

Annankvar fredag i oddetalsveker for born i alderen 5-8 klasse. Me møtest på Misjonshuset kl. 19.00. Der er det andakt og inndeling i grupper. Dei fleste gruppene går til barneskulen og har aktiviteter til 20.20. Frå 20.20 til 20.45 er det mat (på barneskulen)

Desse gruppene kan du velja mellom:

- Radiostyrte bilar,
- Idrett
- Matlaging
- Kunstverkstad
- Luftgevær/ bueskyting
- Drama
- Spelegruppe-
- bingo,biljard,brettspel m.m

Me har intervjuet 4 born om kvifor dei går på Fre`s:

Fre`s starar fredag 14 september kl19.00, lurar du på noko kan du ta kontakt med Guri Sollesnes tlf: 95140649



Martine Høyland Lode 6 klasse:
Eg går på Fre`s fordi det er gildt,gildt med gruppene. Eg synst kunstverkstad er gildast, der får me laga mykje forskjellig. Me pleier å ha andakt, og så er det gildt at det er så mange som går på Fre`s



Anders Salte Rosland 7.klasse:
Eg likar meg på Fre`s for me kan velja mellom ulike ting kvar gong. Me får god mat etterpå. Gildt å treffa mange folk der.



Kristian Sollesnes 7.klasse:
Eg går på Fre`s for å treffa venner å ha det sosialt, for å høyra om Jesus, eta god mat. Eg gler meg alltid til eg skal gå på Fre`s!!



Stian Husebø 7.klasse:
Eg tykkjer det er gildt å gå på Fre`s. Mange kjekke ting å velja mellom, lærer mange ting om Jesus og korleis det er i livet. Derfor synst eg det er gildt å gå på Fre`s



Årlege basar

Varhaug bygdekvinnelag sin årlege basar vart halden på Eldresenteret 30. august med godt frammøte. Ellen Aarsland og Anna Voll syntte lysbilete frå Ukraina, der begge hadde vore og sett kor stor nauda er. Men dei kunne og vise bilete som syntte noko frå det hjelpearbeidet dei er med og støttar, m.a. med ein nybygd barneheim. Dei som har klede og leiker dei kan vera av med, kan levera dette på pakkhuset på Vigrestad jernbanestasjon ons- og lørdagar. Der vert alt sortert før det vert sendt vidare med bil til Ukraina. Bygdekvinnelaget gav ein del av basarpengane som støtte til dette arbeidet.



Varhaug bygdekvinnelag vil takka alle som støttar opp om basaren. Takk til de som kom, takk til de som gav gevinst og ikkje minst takk til alle dykk som kjøpte lodd. Uten dette hadde det ikkje vorte rare basaren!

Ein særleg takk går til dei næringsdrivande for den fantastiske måten Liv vert motteken på i "tiggerunden"

Det er ikkje vanskeleg å spørja etter gevinst, seier Liv, når alle er så positive!

Helsing frå styret i bygdekvinnelaget.



Nytt frå Misjonshuset

Verksemda på Misjonshuset har vore laber i sommar, men no når skulen har starta så går det for fullt i lag og organisasjonar knytta til Misjonshuset også.

Ungdomskoret har hatt pause eit år, men no har dei starta opp att på tysdagkveldane. Og gutar og jenter frå åttande klasse er velkomne. Dei har eige band med piano, bassgitar og trommer.

Kor for andre enn ungdom er det og: måndagane samlast minikoret og ynreskoret til sine øvingar. Annankvar tysdag er det musikklaget (godt vaksne) som øver, og annankvar onsdag øver Hananja. Kom og ver med du også, du som liker å syngja.

På fredagskveldar er det FRE's og ope hus, og ungdomslaget har program på laurdagskveldane. Litt om FRE's finn du ein annan plass i Varhaugbuen.

Sundagsskule, barnelag og reine gutelag og jenteforeningar er i gang att og har alltid plass til fleire.

Som du skjønner er det mykje som skjer på Misjonshuset, for alle aldersgrupper. Slå på PC'en og sjekk internettsida.

Internettsida til Misjonshuset er: www.varhaug-misjonhus.no

Det er kontortid måndag og torsdag frå 1900 til 2100 og telefon er 51430808

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

Varhaug Mølle er 35 år

Det er nok ikkje kvar dag at ein finn langbord med kvit duk inne i mølle bygget. Men slik var den 29. september då Varhaugbuen var innbeden til ei lita markering med kaffe og fløtekake.

Sigbjørn Varhaug ynskte alle velkomne; og gjekk gjennom historia til mølla på Varhaug. Sverre Aanestad har skrive denne, og det vart og presentert i Varhaugbuen nr. 1/2006.

Sigbjørn fortalde at første gongen det var innskrive korn på mølla var 29. august 72, så det var akkurat 35 år sidan i dag. Arne Nordland frå Felleskjøpet tykte dene markeringa var eit fint tiltak, og han snakka litt om både Bryne og Lode mølle. Sonja og Jakob Åmodt var og innbedne som tidlgare tilsette. Sonja hadde hatt kontorarbeid og kr. 12 pr. time mens Jakob hadde hatt kr. 15 som møllar! I tillegg var og folk som hadde vore med på byggearbeidet av mølla m.fl og Ragnvald Bratland som hadde arbeidd på mølla i 25 år då han slutta 1 1999.

*Familiane Åmodt, Jakob, Sonja og Karl
fekk blomar i høve markeringa.*




Det var lagt fram både gamle handskevne protokollar og ein reknemaskin. Kåre Hognestad fortalde at det var ikkje alltid enkelt med skrivinga p.g.a ristinga av maskineriet i tørkeprosessen. Sjølv om det var nokre veldige regnbyger som ramla godt på blekktalet, slik at det mest var uråd å snakka med kvarandre. gjekk kaffien og kakene unna Eit hyggeleg tiltak, som eg trur Sigbjørn skal ha æra for.

Liv



Lekk merke til kornakset! på fløtekaka



**BYGGMESTER
SKRETTINGLAND
& LOBEKK AS**

Naturunnsøk og bygghet

Opstadvn 641 - 4360 Varhaug
Tlf: 51 43 80 06 Fax 51 43 80 07 Mob.: 982 46 4



VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk!

Mandag og torsdag 15 - 19
Tirsdag og fredag 9 - 15

Tlf 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2 etg SR bank)



ALT INNEN NYBYGG - PÅBYGG - REHABILITERING



**Magnar
Helleren**

4360 VARHAUG Tlf: 975 21 200 - 51 43 07 34

Ryddegjengen

Den gjengen som me skreiv om i sist nummer, er framleis oppegående. Abraham Nord-Varhaug har fått med seg ein stabil og god gjeng som er klar for nye ryddeoppdrag utover hausten. Det er mykje trivslegare i

sentrum, og elles rundt og, når det ikkje flyt av rusk og rask. Her kan me nok alle verta flinkare med å bruka oppsette bosskorger, eller ta grapset med heim dersom slike ikkje fins.



BETONGARBEID - TREARBEID

Mølleavn. 12, 4360 Varhaug
51 79 85 79

Årsmøte Varhaug bondelag tysdag 3. oktober

Møtet skal vera på Jærgarden Kvalbein, og tek til med ei omvisning kl. 19.00.

Sjølve møtet tek til kl. 19.30. Utan-om dei vanlege årsmøtesakene, tek me opp sortering av avfall m.m.. Bondelaget har nå i fleire år samla inn jern, men det er klart me kan verta flinkare til å ta betre hand om andre ting og.

Det vert servert god mat.
Håper på godt frammøte!

Julemøtet til Bonde/ Bygdekvinnelag 6. desember

Det er Husvegg-krinsen som har ansvaret for dette, og møtet vert på Lerbrekk. Meir program seinare.

Bunadskurs

Sjolv om det ikkje kom med i kurskatalogen, vert det bunadskurs. Det tek til onsdag 19. september kl. 18.00 på Varhaug skule. Lærer er, som så mange gonger før, Helene Haugedal.



Litt frå Internatet

Det har skjedd mykje på uteområdet til Internatet den siste tida. I 05 fekk BU til uteplass med grill bak garasjen. I 06 laga dei krocketbane, og i år vart det klart for sandvolley. I tillegg har dei fått fjerna alle dei store grantrea, så det er lyst og godt både på desse anlegga, og sikkert også for naboen på sør. Her har BU lagt ned eit kjempearbeid, og styret for Internatet vil her gje skryd til denne gjengen for alt det dei har gjort. Skikkeleg gildt at me kan skroyda av dei "på toppen". Det er løyvt tippemidler til både krocket- og sandvolleybanen, sidan dette kjem inn under nærmiljøanlegg. Men ein hadde ikkje kome langt utan den dugnadsinnsatsen som medlemene i BU har gjort. Dette kan med tida verta eit anlegg som kan nyttast av mange fleire enn BU.

Denne bedrifta er nok best kjent for oss "gamle" i bygda. Her kan nå yngre og nye på Varhaug få vita litt om JLS



Jæren Landbruks- senter A/S

Bedrifta vart starta av Timebuen Jan Lye, seinare overtok Dyn-geland før nåverande eigarar i 1997. Her er Jarle Kjeseth dagleg leiar. Han er 39 år, bur på Varhaug, er sam-buar med Marianne og dei har 3 barn; 2 jenter og 1 gutt.

I starten var det berre ting til landbruket dei arbeidde med. Det mest kjende er vel silolukene i tillegg til ein god del for Brøyt. I dag vert det framleis laga siloluker/ dører i tillegg til forluker, trapper, silostiger, transportkasser, foring- og gjødseltrakt samt gjødselpumpe. Det siste nå er kadaverkasse. I brosjyren til denne kan ein lesa følgjande: "Strengere krav til oppbevaring, behandling og transport av selvdøde dyr, ligger bak ideen om utvikling av JLS kadaverkasse. Kassen benyttes både til oppbevaring og transporter av dyrekadaver. Den er produsert i stål, er galvanisert og har hengslet aluminiumslokk, fall-lem bunnflate til tømning og påmontert feste for heise åk. Kadaverkassen gir følgende fordeler: Miljøvennlig, beskyttelse mot fugler og dyr, beskyttelse mot smitte og en unngår berøring ved henting og tømning" Sjølv om det framleis er produksjon for landbruket, vert nok namnet Jæren Landbruks-senter etter kvart noko misvisande, for det er berre 30% av



produksjonen som er landbruksrelatert. Det er ikkje like enkelt å prøva "selja seg" til f.eks. oljeindustrien, seier Jarle med det namnet. Men det er ikkje lett å endra på eit gamalt innarbeid namn heller.

I år har Jæren Landbrukssenter sett opp ein ny hall på 1000 m². Når ein tek med den gamle hallen og kontorlokala i 2. etasje disponerar dei 1800 m². Dei har sjølv kontor i 1. etasje og leigar ut 2. etasje til to firma. Målsettinga er å få bygga om 2. etasje, slik at dei kan ha ein leigetaker til.

Dei største kundane er innan betongindustrien, då dei lagar former til støyping for m.a. Skjæveland og Østraadt. Dette har dei spesialisert seg på gjennom mange år.

I tillegg er kundane innan landbruket, her er det både nytt utstyr + litt reparasjon. Så er det oljeindustrien + litt esport. Dette siste gjeld deler for Kverne-

lands Fabrikk, før Underhaug. For å halda leveringstida på produkta sine har dei investert i utstyr, som stort sett gjer dei sjølvhjulpne med det meste. Jarle seier han er godt nøgd med det nye bygget. "Dette skulle me gjort for mange år sidan". I tillegg til den gamle og nye hallen har dei i tillegg ein plashall til lager, så dei rår over ei ganske stor tomt. Jarle seier han ser lyst på framtida, dei har ein stabil omsetnad på eit relativt lite område. Og ikkje minst så har dei ein stabil og dyktig arbeidsgjeng. I dag er det 11 tilsette + 3 innleigde. Jæren Landbrukssenter har vore heldige og har klart å halda på gode folk som har vore med frå starten. Bedrifta hadde ikkje vore der den er i dag utan alle dei dyktige folka på golvet.

Varhaugbuen takker for praten, og ynskjer Jarle og resten av gjengen lukke til vidare.

Liv

Strikkekafè

Strikke-kafeen starta opp att på Mega etter ferien mandag 3. september.

Det vert og strikke-kafè 1. oktober og 5. november frå kl. 16.30-1900.

Kom og vær med oss i eit triveleg lag! Aud



Motevisning torsdag

25. oktober

Me i bygdekvinnelaget er opptekne av noko meir enn berre ku og gris. Difor vil me ha motevisning i matsalen på Misjonshuset 25. oktober kl. 19.30. Då vil Liv på Nærbø visa oss nytt for hausten.

Orrø og Nærbø bondekvinnelag er innbedne.

Me håper at mange kjem. Inngang kr. 50. Det vert loddtrekning på inngangsbilletten.


Lagsmøte

29. november

Dette vert på Eldresenteret kl. 19.30. og me får besøk av Åse Marie Varhaug, som skal visa oss smykkekunst.



Turen til Flekkefjord



Dagsturen til Peder Haugland sin hage var ei oppleving for alle. Vigrestad buss frakta oss trygt og godt, me hadde sol og fint ver og velkomsten til Peder og kona gjorde at me følte oss heime med ein gong. Etter at Peder hadde gitt oss ei orientering

og me hadde sett oss rundt i det flotte anlegget, smaka det godt med grillmat og kaffi og kaker Gildt at så mange ville vera med på turen.

Helsing Bygdekvinnelaget



Nordisk leir 21. - 28. juli

4H leir i Finland



21 – 28 juli va æg og mange andre 4h' ara på Piispala, Kannonkoski i Finland på nordisk leir. I hånbokå me fekk sto dæ at me va rondt 1200 folk, men æg vill tru dæ va fleire. Trøndelag var di som stilte med mest folk, nærmare 100 folk kom frå der. Di fleste fylka brukte busser for å kamma til Finland. Dei fleste rogalendingane tok fellesreisen som starta den 19. Dæ tog ca to døyn då med buss og båt, så vi var framme på lørdag formiddag en gong. Di som reiste på egenhån eller fulgte andre fylke kom litt seinare. Dæ va gått å varmt der borte så me forta okke mæ å sedda opp lavoane og teltå, så me konne nyda solå, å begynna å varta kjende mæ folk, eller finna gamle kjente. Hovud språke me egentle sko ha brukt var vell engelsk, men dæ gjekk ikkje alltid lika godt, for me slo fort øve te norsk igjen... Då va dæ ikkje så lett å snakka mæ di finske, svenske, skotske, danske, canadara og fleire.

Gruppene vi hadde om dagene var vell basert på team building. Så vi hadde forskjellige aktivitetar og "bli kjent leker" Dæ va kje så lett å alltid forstå kæ me sko jær fornoge, for di som va instruktøra va somregel finske så ikkje alltid va ræsara på engelsken... Men når nogen av di norske tog an, sa dei dæ te okke andre på norsk, å dæ va ganske mange bra aktivitetar. Dagen før me reiste heim var en litt anderledes dag. Dæ va sportsdag, så me va kje lenger i dei gruppene me va i di tiligare dagene. Dæ va alt frå foball, rompeldonk, klatring til bading eller å bare slappe av. Mange brukte også tiå til å pakka bagasjen og ta ned telte eller lavoane, for di sko reisa den nåttå. Di første reiste frå leiren allereie i sju tiå den kvellen og utover. Vi frå rogaland reiste ikkje før i ni tiå kvellen itte å då va så å sei adle reiste...

Kvær nått konne dei så ville døyna nede ved stranda. Der var det laga til to bål som det blei holt liv i heile tiå dæ va folk nere der. Og somregel var dæ stappfolt rondt dæ bål, men du konne jo sidda kor du ville å døyna så lenge du va rolige, å ikkje var i teltområda.

Maden me fekk var ikkje så sunt at dæ jore nogre. Te middag va dæ enten lasanje, nogre merkele så later seg til å vera bakte potetstrimler, fiskebiter å pasta saus, en eller

to retter til, men det var det det jekk i. Så vi fikk rester etter di andre dager, men det var sikkert laget på ny. Dæ såg jaffal sån ud, men dæ va godt fordæom. Frokosten va nogre aent... Me fekk dæ sama steinkalla frokostbrøe kvær mårån, sjokt lag mæ smør og ost, å ei skinka på toppen. Attåd fekk me au finske yogart, å somregel frokt. Me fekk et avbrekk ifrå denna maden på onsdagen (og torsdagen for andre fylke, delte fylkene inn i to puljer, der den eine reiste på onsdagen å den andre på torsdagen) og fekk i okke skikkelege mad. Me reiste ner te nærmaste by (1 ½ times kjøring) som va Jyväskylä. Dagen etter reiste pulja vår ned til en plass og jekk på tura. Dei så ikkje (eller ikkje rakk bussen...) konne vær igjen å rydda leir område okka, laga te kostyme, sanga å slagor te volleyball kampane...

I løpet av heile leiren var røde kors folk på plass. Dei henta diverse folk så hadde skada seg eller hadde vorte sjuke. Leiren he vore drid jille, å et dridbra minne for live!! Den var vell vært pengane, å æg hadde jort møyje for å reist på den igjen viss dæ hadde gått! Vart kjent mæ mye folk frå heila lande, og andre land også, og syns syn på di som kunne våre med på leiren men som ikkje blei me. Dæ va sjikkele jilt!!

Kooz
Christine frå Svala 4H



Og Mr and Ms
Nordic Camp
2007 heter
Øyvind Henden
frå Hordaland og
Line Danielsen fra
Rogaland.



BØEN STORKIOSK
SPILL OG KIOSKVARER

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 **ÅPNINGSTIDER:** Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30

Svolten?



*Me har det mesta
som får deg
god og mett!*

Vi har fått en ny medspiller

Kom innom banken på
Varhaug og hils på
Sigrid Moe Jelsa.

TIME SPAREBANK
- for Jæren

www.time-sparebank.no

Tlf. 51 79 83 00



GODE TILBUD

Kom innom —
og se nyhetene

- Eik Nougat
- Europeisk Valnøtt
- Panga-panga

PARKETT

Eik country

14 mm, før 229,-

179,-

Bjørk

før 239,-

198,-

Kronotex

kvalitetslaminat

12 mm, før 249,-

198,-


FARGERIKE[®]
Norges ledende farge- og interiørkjede

FARGERIKE HALVORSEN

Varhaug - tlf. 51 43 61 00

RØRLEGGER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug - tlf. 51 79 83 10



ÅPENT: Man/ons. 7-15.30.
Tir/fre. 7-16. Tor. 7-18.
Lørdag 9-13.

 **VVS EKSPERTEN**
DET ER RØRLEGGEREN DET KOMMER AN PÅ

TREN NÅR DET PASSER DEG!

Har du lyst å prøve senteret vårt?

Kjøp et uforpliktende klippekort på 10 klipp til kun kr 199, — og prøv oss ut (gjelder kun nye medlemmer)

Eneste treningssenteret som gir medlemmer eget nøkkelkort og adgang til begge avdelingene 24 timer i døgnet.

Stort utvalg i apparater, kondisjonsutstyr og gruppetreninger

Tilbudet gjelder kun september og oktober 07

www.Formtoppen.no
Treningssenter



Jærens nye
tomteutviklingsselskap

Representerer 2 lands-
dekkende boligkjerder:



Mester

TOMTEUTVIKLING AS

Tlf 977 67 010

NettBygg AS Skrettingland & Lobekk AS Jon Harald Håland AS

Vårt mål er å sikre fremtidige oppdrag ved å få hand om og utvikle større og mindre tomteområder, og dermed kunne tilby boligkjøpere et variert boligtilbud, samt å sikre arbeidsplassene for våre ansatte og våre lokale underleverandører.

Har du område med tomtepotensiale er vi interessert i kontakt med deg. Sammen kan vi vurdere mulighetene. Vi har kompetanse på regulering og annen nødvendig kontakt med offentlige myndigheter.